

Materiale til

BØNEVEKA FOR KRISTEN EINSKAP

og for heile året

2014

Er Kristus delt? (1. Kor. 1,1-17)

Lagt til rette og utgjeve i fellesskap av
Det pavelege rådet til fremje av kristen einskap
og
Kommisjonen for tru og kyrkjeordning under Verdskyrkjerådet

Kommisjonen for tru og kyrkjeordning
Verdskyrkerådet

Faith and Order
World Council of Churches
P.O.Box 2100
CH – 1211 Geneva 2
Switzerland
infowcc@wcc-coe.org
www.oikoumene.org

Det pavelege rådet
til fremje av kristen einskap

Pontifical Council for
Promoting Christian Unity
VA – 00120 Cité du Vatican
office@christianunity.va
www.vatican.va

IN MEMORIAM

PROFESSOR RALPH DEL COLLE (1954 – 2012)

Ralph Del Colle, romersk katolsk professor i systematisk teologi, knytt til Marquette University, Milwaukee, Wisconsin, USA, døydde den 29. juli 2012. Frå 1998 var han med i den internasjonale dialogen mellom pinserørsla og katolikkane. Han tok og del i dei uformelle samtalanane med Sjuandedagsadventistane (2001-2002) og var med i den offisielle delegasjonen til Generalforsamlinga i Verdskyrkjerådet i Harare 1998. Han kom alltid med ei engasjert og munter haldning til dialogmøta. Professor Del Colle veik aldri unna noko tema, og han var alltid kjenslevar og engasjert i tenesta for sanninga. Gjennom heile yrkeslivet sitt delte han raust av kunnskapen sin i fast tru på at Gud vil einskap mellom alle kristne.

PROFESSOR MARGARET O'GARA (1947-2012)

Dr. Margaret O'Gara, professor i teologi ved University of St Michael's College i Toronto, døydde den 16. august 2012 etter to år med sjukdom. Ho var romersk katolikk med kyrkjelære og økumenisk dialog som spesialfelt. Gjennom meir enn 35 år arbeidde ho aktivt med økumenikk og var oppnemnt til talrike økumeniske kommisjonar. Dr. O'Gara tok del i dei internasjonale samtalanane mellom Disciples of Christ og Den romersk-katolske kyrkja (1983), mellom amerikanske lutheranarar og Den romersk-katolske kyrkja (1994) og i den evangelisk - romersk-katolske dialogen i Canada (2008). Ut over dette hadde ho 18 års teneste i den canadiske dialogen mellom anglikanarar og romersk-katolske (1976-1993) og var med i den internasjonale kommisjonen for einskap mellom lutheranarar og romersk-katolske i 12 år (1995-2006). Ho var også president i det katolske teologiske sambandet i Amerika og i det Nord-amerikanske økumeniske akademi.

I takksemd vil vi i den Internasjonale komiteen gje desse store økumenikarane over til vår himmelske Far og hans evige kjærleik.

Innhald

Til dykk som legg til rette Bøneveka for kristen einskap	5
Bibeltekst	7
Presentasjon av tema for året 2014	9
Førebuinga av materialet til Bøneveka 2014	13
Økumenisk bønegudsteneste	14
Innleiing om den økumeniske gudstenesta	14
Ordning for den økumeniske gudstenesta (NN)	16
Ordning for den økumeniske gudstjenesten (BM)	23
Andakter og bønner for «dei åtte dagane»	30
Meir materiale til gudstenester	38
Den økumeniske stoda i Canada	38
Tema for Bøneveka 1968 - 2014	44
Viktige hendingar i historia til Bøneveka for kristen einskap	48

Heile materialet til Bøneveka dette året er omsett til nynorsk.
Ordninga for økumenisk gudsteneste er og omsett til bokmål.
Norsk omsetjing: Anfinn Andreas Kolberg.

Skriftsitata er henta frå omsettinga til Det norske Bibelselskapet 2011

Til dykk som legg til rette Bøneveka for kristen einskap

Arbeidet for einskap - gjennom heile året

Bøneveka for kristen einskap har etter tradisjonen vore halde 18.-25. januar på den nordlege halvkula. Desse dagane blei foreslått av Paul Wattson i 1908 fordi dei ligg i tida mellom festane for apostlane Peter og Paulus. Dermed får dei ei symbolsk tyding. Men på den sørlege halvkula er januar feriemånad, og kyrkjene der finn derfor andre tider til Bøneveka, til dømes kring pinse, slik det vart foreslått av Tru og kyrkjeordningsrørsla i 1926. Pinse er jo og ei symbolmetta tid for kristen einskap.

Men arbeidet for kristen einskap er ikkje avgrensa til ei veke kvart år. Vi oppmodar dykk derfor til ikkje berre å vera fleksible med omsyn til dato, men og til å sjå det materialet vi presenterer her som ei innbyding til å finna høve gjennom heile året til å markera den fellesskapen som kyrkjene alt er komne fram til, og til å be saman for den fulle einskapen etter Kristi vilje.

Tilpassing av teksta

Dette materialet legg vi fram i full forståing for at de, når det er mogleg, kan tilpassa det til bruk på lokalt nivå. Då må det i tilfelle takast omsyn både til lokale tradisjonar for gudsteneste og liturgisk praksis og til heile den sosiale og kulturelle samanhengen de står i. Normalt bør ei slik lokal tilpassing skje i ei økumenisk ramme. Nokre stader finst det alt økumeniske strukturar som naturleg tar ansvar for å leggja materialet til rette. Andre stader voner vi at trongen til tilpassing kan skapa grobotn for å danna slike strukturar.

Bruk av materialet for Bøneveka

- Kyrkjer og forsamlingar, som saman markerer Bøneveka gjennom ei einskild felles gudsteneste, kan nytta ordninga for økumenisk gudsteneste i materialet.
- Kyrkjer og forsamlingar kan og gjerne innarbeida materialet frå Bøneveka i sine egne gudstenester. Då kan ein nytta bønner frå den økumeniske gudstenesta, frå "dei åtte dagane", eller frå utvalet av tilleggsmateriale slik det høver i egne samanhenger.
- Forsamlingar som markerer Bøneveka med gudstenester kvar dag gjennom heile veka, kan nytta materialet frå "dei åtte dagane" til desse gudstenestene.

- Dei som vil gjera bibelstudium over temaet for Bøneveka, kan nytta bibeltekstane og andaktane frå "dei åtte dagane" som utgangspunkt. Samtalane kan munna ut i bøn.
- Dei som ønskjer å be åleine, kan finna hjelp i materialet til å konkretisera bøna. Slik kan dei få visse om å be saman med kristne frå heile verda om at einskapen i Kristi kyrkje må verta synleg.

1 Korintarbrev 1,1-17

NN

Paulus, som etter Guds vilje er kalla til Kristi Jesu apostel, og bror vår Sostenes helsar Guds forsamling i Korint, de som er helga i Kristus Jesus og kalla til å vera heilage saman med alle som kvar på sin stad påkallar vår Herre Jesu Kristi namn – han som er deira og vår Herre: Nåde vere med dykk og fred frå Gud, vår Far, og Herren Jesus Kristus!

Eg takkar alltid min Gud for dykk, for Guds nåde som er gjeven dykk i Kristus Jesus. I han har de vorte rike på alt, på all lære og all kunnskap. Så er òg vitnemålet om Kristus grunnfest mellom dykk, så de ikkje manglar noka nådegåve medan de ventar på at vår Herre Jesus Kristus skal openberra seg. Han skal òg grunnfesta dykk til enden kjem, så de kan stå ulastelege på vår Herre Jesu Kristi dag. Gud er trufast, han som har kalla dykk til fellesskap med sin Son, Jesus Kristus, vår Herre.

Eg legg dykk på hjartet, sysken, ved vår Herre Jesu Kristi namn, at de må vera samde. De må ikkje splitta dykk i flokkar, men vera nært knytte saman, i same syn og same tanke. For dei hos Kloe har fortalt meg, sysken, at det er strid mellom dykk. Eg siktar til at nokre av dykk seier: «Eg held meg til Paulus», medan andre seier: «til Apollos», «til Kefas» eller «til Kristus». Er Kristus delt? Var det kanskje Paulus som vart krossfest for dykk? Eller var det til namnet åt Paulus de vart døypte? Eg takkar Gud for at eg ikkje har døypt nokon andre av dykk enn Krispus og Gaius, så ingen skal seia at de vart døypte til mitt namn. Rett nok har eg òg døypt Stefanus og alle heime hos han, men elles veit eg ikkje av at eg har døypt nokon annan. For Kristus har ikkje sendt meg ut for å døypa, men for å forkynna evangeliet, og då ikkje med talekunst og visdom, så Kristi kross ikkje skal mista si kraft.

1. Korinterbrev 1,1-17

BM

Paulus, som etter Guds vilje er kalt til Kristi Jesu apostel, og vår bror Sostenes hilser Guds menighet i Korint, dere som er helliget i Kristus Jesus og kalt til å være hellige sammen med alle som hver på sitt sted påkaller vår Herre Jesu Kristi navn – han som er deres og vår Herre: Nåde være med dere og fred fra Gud, vår Far, og Herren Jesus Kristus!

Jeg takker alltid min Gud for dere, for den nåde han har gitt dere i Kristus Jesus. I ham er dere blitt rike på alt, på all lære og all kunnskap; vitnesbyrdet om Kristus har da også fått sikkert feste hos dere. Derfor mangler dere ikke noen nådegave mens dere venter på at vår Herre Jesus Kristus skal åpenbare seg. Han skal også grunnfeste dere helt til enden kommer, så dere kan stå uten å bli anklaget på vår Herre Jesu Kristi dag. Gud er trofast, han som har kalt dere til fellesskap med sin Sønn, Jesus Kristus, vår Herre.

Jeg formaner dere, søsken, ved vår Herre Jesu Kristi navn, at dere må være enige. La det ikke være splittelse blant dere, men stå sammen i syn og tanke. For noen av Kloes folk har fortalt meg, søsken, at det er stridigheter blant dere. Jeg sikter til dette at noen av dere sier: «Jeg holder meg til Paulus», mens andre sier «til Apollos», «til Kefas» eller «til Kristus». Er da Kristus blitt delt? Var det kanskje Paulus som ble korsfestet for dere? Eller ble dere døpt til Paulus' navn? Jeg takker Gud for at jeg ikke har døpt noen av dere, bortsett fra Krispus og Gaius, slik at ingen kan si at dere ble døpt til mitt navn. Riktignok har jeg også døpt Stefanos og hans familie, men ellers vet jeg ikke om at jeg har døpt noen. For Kristus har ikke sendt meg ut for å døpe, men for å forkynde evangeliet, og det ikke med talekunst og visdom, så Kristi kors ikke skal miste sin kraft.

Presentasjon av temaet for Bøneveka 2014

1. I Canada lever vi i eit land med store skilnader i språk, kultur og klima. Det er og ulikt korleis vi uttrykker vår kristne tru. Vi som lever i dette mangfaldet, men freistar vera tru mot Kristi ønske om einskap mellom disiplane hans, har då gjort oss mange tankar om det provoserande spørsmålet til Paulus i 1. Korintarbrev: "Er Kristus delt?" Trua svarar "Nei!" Likevel held kyrkjene våre fram med å demonstrera skandaløse splittingar. Men 1. Korintarbrev peiker og ut ein veg for oss så vi kan sjå det verdefulle i gåver dei andre har fått, og ta imot dei sjølv om vi er delt. Dette har vorte ei oppmuntring for oss i arbeidet for einskap.

2. Canada er kjent for sin flotte natur: fjella, skogane, sjøar og elver, hav av kveite og kystline mot tre av verdshava. Landet vårt strekk seg frå Atlanterhavet til Stillehavet og frå grensa mot USA til Nordpolen. Det er eit land som er rikt på jordbruk og naturressursar. Canada er og eit land som har mange folkeslag. Her er indianarar, inuittar og métis,¹ og mange folk frå heile verda som seinare har busett seg her. Vi har to offisielle språk: fransk og engelsk. Men det er mange kanadiarar som held fast på kulturen og språket dei har arva frå sitt eige fedreland. Dei sosiale og politiske skilja heng gjerne saman med ulikskap i språk, kultur og religion, men vi freistar læra oss å forstå korleis slik nasjonal identitet kan skapa eit sunt kanadisk mangfald. Inn i dette fleirkulturelle miljøet har mange kristne teke med seg sine eigne former for gudsteneste og tenesta for medmenneske. I brevet talar Paulus til oss, som er skilde, og bed oss sjå at som kyrkjer på kvar vår stad må vi ikkje bli isolerte eller motarbeida kvarandre. Vi skulle heller skjønna på korleis vi er knytte saman med alle som kallar på Herrens namn.

3. Bibelversa vi har valt for ettertanke dette året, er opninga av det første brevet Paulus skreiv til korintarane. Dei står som ein overtyre til ein opera eller som ein førstesats i ein symfoni: Avsnittet rører ved tema som kjem seinare i brevet, og skal sjølv sagt førebu oss på dei. Det er tre delar i denne teksten. Alle tre legg eit solid men utfordrande grunnlag for oss som kristne i dag til å tenkja gjennom korleis vi skal arbeida saman i kyrkjer og samfunn.

4. I den første delen (1,1-3) helsar Paulus saman med Sostenes – eit lite men likevel ekte fellesskap av to – eit anna større og særskilt aktivt fellesskap, nemleg

1 Kanadiarane kallar indianarane for "First Nations" som svarar til "urfolk". Uttrykket er ei erkjenning av at desse folka var i landet før europearane kom. Dei innfødde i Arktis kallar seg sjølv for inuittar. Métis handlar om folk som har opphav både hos urfolka og hos franske innvandrarar.

dei kristne i Korint. Han helsar korintarane som "Guds kyrkje", ikkje som ein lokal avdeling av kyrkja, men som eit fullt og heilt uttrykk for kyrkja i deira del av verda. Paulus minner dei om at dei er "kalla". Dei er kalla til å vera heilage, ikkje isolerte og for seg sjølv, men "saman med alle som kvar på sin stad påkallar vår Herre Jesu Kristi namn – han som er deira og vår Herre". Dette siste kunne og vore omsett "både på deira stad og på vår". Dei er altså heilt og fullt Guds kyrkje, men samstundes bundne saman med alle dei som kallar på Herren, både i si vedkjenning og på sin stad. Så held Paulus fram som i alle breva sine med den vanlege og kraftfulle helsinga med "Guds nåde og fred". I språket til Paulus tyder "nåde" Guds godleik og gåver til oss i Kristus. Ordet skal få fram vår takk til Gud og vår godleik til medmenneska. For oss er Guds "fred" i heile sin fylde, eit fellesskap (*koinonia*) i Gud som femnar både oss og dei andre.

5. *Kvar ser de Guds nåde og fred i dykkar lokale kyrkje – i samfunnet dykkar – og i landet dykkar? Korleis kan de koma til å sjå vidare enn til den aller næraste kringen kring dykk så de kan ta del i fellesskap med alle kristne og heile verda?*

6. Når Paulus er i ferd med å kalla kyrkjelyden i Korint til rette, tek han i den neste delen av teksten vår (1,4-9) til med å takka for den "Guds nåde" som er gjeven til korintarane "i Kristus Jesus." Dette er ikkje berre ein formalitet, men ei ekte glede over gåvene Gud har ausa ut over denne fellesskapen. Så går han vidare for å byggja dei opp: "I han har de vorte rike på alt ... så de ikkje manglar noka nådegåve." Dei vert forsikra om at dei vil bli styrkte heilt til enden, og at "Gud er trufast." Gud kallar oss inn i fellesskap (*koinonia*) med sin son – med alt kva dette tyder sosialt og åndeleg for kyrkjene våre og folka våre.

7. Som kanadiske kristne veit vi at vi ikkje alltid har vore viljuge til å gleda oss over gåver som Gud gjev i andre kristne kyrkjer. Men om vi les teksten frå Paulus i ein økumenisk ande, så vil vi betre kunna sjå at vi er innbedne til verkeleg å gleda oss over korleis Gud har velsigna andre kristne og andre folk. Dei som først bringa kristentrua til Canada, var ofte fulle av forakt mot gåvene og innsikta til dei innfødde. Dei fekk ikkje sjå velsigninga som Gud gav gjennom dei.

Vi har mykje å takka for midt i mangfaldet av folk og alle uttrykk for tru som finst i landet vårt. Sjølv om historia vår syner mange døme på at vi ikkje alltid har levd i ymsesidig respekt og vore til stød for kvarandre, så veit vi at landet vårt vart bygt gjennom samarbeid og i freisting på å finna veger til fred i heim og samfunn. Den gleda vi har over velsigninga frå naturen som

ei gudgjeve gåve, vert og ofte teke som noko sjølv sagt, og vi kjempar med å finna balansen mellom velstanden og forvaltaransvaret for denne fysiske velsigninga. Vi slit med å setja i kraft dei verdiane som vi kallar kanadiske. Som kristne og som kyrkjer kjenner vi at vi skulle ta imot Guds gåver gjennom dei andre med takksemd, og at vi skulle gje takksemda ein skapnad gjennom sut for heile landet og for verda.

8. Kva takkar de for i kyrkja dykkar – i samfunnet dykkar – og i landet dykkar? Korleis har de opplevd åndelege og/eller materielle gåver frå Gud gjennom andre kristne eller frå andre i samfunnet dykkar?

9. I den tredje delen (1,10-17) rettar Paulus harde ord mot korintarane fordi dei har forvrengt evangeliet og brote einskapen i forsamlinga: "Eg held meg til Paulus. Eg til Apollos. Eg til Kefas." Ikkje ein gong dei som hevda at dei hadde Kristus som leiar, fekk ros av Paulus, for dei nytta Kristi namn til å skilja seg sjølve frå dei andre i forsamlinga. Vi kan ikkje påkalla Kristi namn for å byggja murar kring oss, for namnet hans skapar samhold og einskap, ikkje splitting. "Er Kristus delt?" Paulus er ikkje imot at dei byggjer kyrkjelyden omkring ein sterk leiar, men dei må ha ein grunnleggjande identitet i Kristus: "Var det kanskje Paulus som vart krossfest for dykk? Eller var det til namnet åt Paulus de vart døypt?" Dei hos Kloe har sett denne utviklinga omkring seg, og dei har bringa ho fram i ljuset.

10. Inn i denne situasjonen kommer så oppfordringa frå Paulus om å "vera nært knytte saman, i same syn og same tanke." Han formanar lesarane og dei i Korint til å vera samde. Tenkjer då Paulus at dei skulle gjera gudstenesta og all anna kristeleg teneste på same vis? Vi trur ikkje det. Desse versa er ikkje eit pålegg om å setta leiarskapen til Paulus, Apollos eller Kefas til side. Rotfesta i Kristus skal vi skal vi takka for alle gåvene Gud har gjeve til tenesta vår i kyrkja gjennom andre utafør vår eiga gruppe. Når vi ærar Gud for gåvene han gjev gjennom andre, vert vi og trekte nærare saman i tru og teneste og leia fram til den einskapen som Kristus bad om, samstundes som vi kan respektera ulikskap i gudsteneste og kristenliv.

11. Paulus peikar på to sentrale sider ved det å vera Jesu disiplar, grunnleggjande bundne til Kristus: Dåpen og Kristi kross. Vi vart ikkje døypte til Paulus, og han vart ikkje krossfest for oss. Einskapen er i Kristus, og livet vårt og frelsa kjem frå han. Men samstundes er det slik at vi alle høyrer til i ei eller anna gruppe og at den lokale kyrkja gjev oss næring til trua og hjelp til å leva som Jesu disiplar. Men med det er vi ikkje ferdige med saka, for ho handlar ikkje berre om kjensla av å høyra til i ei særskilt kyrkje. For oppdraget

vi har fått, er å forkynna den glade budskapet, sjølv evangeliet som vi har svara på med tru og glede. Derfor må vi dela budskapet med verda. Paulus vil vi skal spørje oss sjølv om vi har noko godt nytt for kvarandre i Kristus eller om vi ber med oss splittinga sjølv i namnet til Kristus slik at vi, med orda til Paulus, får Kristi kross til å mista si kraft.

12. Som kanadiske kristne har vi ei sterk historie om samarbeid og innbyrdes hjelp. Historia vår omfattar døme på felles innsats, delt teneste og til og med samanslutning av fleire kyrkjer. Der det ikkje var mogleg med kyrkjeunion, har vi ofte kome fram til avtala og delte tenester som ber vitnemål om at vi veks i einskap i Kristus. Kyrkjene våre har arbeidd saman i mange saker som gjeld armod og sosial rettferd, og mange av dei har saman teke ansvar for lite kristelege haldningar vi har hatt mot urfolka i landet vårt. Men trass i desse oppmuntrande skritta mot den einskapen Kristus ønsker for oss, er vi framleis usamde og held fast ved skilje mellom oss som skader forkynninga av evangeliet.

13. Så høyrer vi om dei hos Kloe. Med Kloe som leiar har denne gruppa set namn på og syner fram konflikhtar og splittingar i kyrkjelyden i Korint. Vi treng framleis slike vitne, både kvinner og menn frå alle kyrkjene våre, og deira teneste for forsoning og einskap. Let vi slike vitne koma til orde, vil vi og koma nærare til å realisera visjonen til Paulus om ein fellesskap i Kristus der vi er "knytt saman i same syn og same tanke."

14. *Korleis kan de og kyrkja dykkar avgjera om de i Kristus har same syn og same tanke som andre kyrkjer? Korleis kan det bera frukt i striden for synleg kristen einskap at de har erfart og gler dykk over andre former for gudsteneste hos kyrkjer i nærleiken og i landet dykkar?*

Kva for oppgåver vil de dela med andre kristne og løysa saman for å hjelpa til at verda vert ein betre stad for andre?

15. Til sist, når vi ser på alle gåvene og all den velsigning Gud har gjeve landet vårt, tek vi til å skjønna at vi må handsame kvarandre og landet vårt som vi lever av, med vørndnad og respekt. Denne erkjenninga har ført oss fram til syndsvedkjenning og anger, og nå må vi finna nye og berekraftige måtar å leva på på jorda. Vi har fått eit nytt medvit om korleis Gud har signa oss alle, og at inga einskild gruppe kan avgjera korleis ressursane i landet skal nyttast utan å høyra på og ta på alvor røystene frå alle som lever der.

Førebuinga av materialet til Bøneveka for kristen einskap 2014

Det første utkastet til materialet for Bøneveka dette året vart utarbeidd av representantar frå ulike delar av Canada. Gruppa kom saman på Det økumeniske præriesenteret (The Prairie Center for Ecumenism). Dit vart dei innbedne av Det kanadiske økumeniske senteret.

Særleg vil vi takka:

Bernice Baranowski (romersk-katolsk) Det kanadiske økumeniske senteret, Montreal

Dr. Sandra Beardsall (Den kanadiske unionskyrkja), professor i kyrkjehistorie og økumenikk, St. Andrew's College, Saskatoon

Michel Belzile (baptist), pastor i Greenborough Community Church, Toronto

Donald Bolen, biskop i Saskatoon romersk-katolske bispedømme

Amanda Currie, prest i Presbytery of Northern Saskatchewan, Presbyterianske kyrkje i Canada, Saskatoon

Nicholas Jesson, økumenisk ansvarleg, Saskatoon romersk-katolske bispedømme

Norman Lévesque (romersk-katolsk), mellombels direktør ved Det kanadiske økumeniske senteret og leiar av programmet "Grøne kyrkjer"

Anthony Mansour, diakon i Den ortodokse kyrkja i Amerika, direktør ved Det kanadiske økumeniske senteret (2006-2012)

Dr. David MacLachlan (Den kanadiske unionskyrkja), professor i nytestamentlig teologi ved Atlantic School of Theology, Halifax

John Wilson (Den kanadiske unionskyrkja), prest i Summerside, Prince Edward Island

For utkast og vektige forslag takkar vi:

Dr. Karen Hamilton (Den kanadiske unionskyrkja), generalsekretær i det kanadiske kyrkjerådet

Dr. Gilles Routhier (romersk katolsk), dekanus ved teologisk og religionsvitenskapelig fakultet, Université Laval, Québec

Vi vil også takka biskop Donald Bolen i Saskatoon som sette i gang

førebuingsgruppa, og dei mange som hjelpte til med arbeidet i den internasjonale komiteen.

Tekstene frå førebuingsgruppa blei gjort ferdige under møtet i den internasjonale komiteen som er oppnemnt av Kommisjonen for tru og kyrkjeordning i Verdskyrkjerådet og Det pavelege rådet til fremje av kristen einskap. Komiteen møtte dei kanadiske representantane i september 2012 på Villa Saint Martin, eit jesuittisk retreatsenter i Pierrefonds, nordvest på øya Montreal. Vi er særskilt glade for måten Det kanadiske økumeniske senteret raust gav husrom til møtet på Det økumeniske præriesenteret, og for at dei arrangerte ei vitjing til Oratoire Saint Joseph i Montreal. Vi vil og retta takk til Faculty of McGill University i Montreal for at dei organiserte eit økumenisk symposium medan vi var i Canada.

ØKUMENISK GUDSTENESTE

Om gudstenesta

Når vi kjem saman til gudsteneste i Bøneveka for kristen einskap, er det eit svar på kallet frå Gud til gjennom song, bøn og handling å verta fornya og for å styrka banda som bind oss saman i Kristus. Gudstenesta vil og innby oss til å gå djupare inn i materialet til ettertanke for dei åtte dagane. Det er bygd direkte på tekstavsnittet 1 Kor 1,1-17 der vi møter det utfordrande spørsmålet frå Paulus: "Er Kristus delt?". Det skal hjelpa oss til bøn og ransaking av oss sjølv som einskildmenneske og som kristne samfunn. Både bibelteksten og ordninga for gudstenesta gjev høve til å høyra kallet på ny i dykkar eigen samanheng.

Her er nokre særeigne motiv som kan krevja litt førebuing i gudstenesta dette året:

Samlinga innbyr til å venda seg i ulike retningar under bønna. Dette er ein tradisjon frå nokre av urfolka i Canada. Då trengst det å friska opp himmelretningane på staden for gudstenesta slik at ein kan snu seg med klokka etter kvart som bønna skrid fram. For retninga "opp" og "ned" skal ein først venda seg framover. Det kan og vera naudsynt å gjera om på bønene så dei kan spegla dykkar eigen geografiske røyndom.

Økumenisk **bytte av åndelege gåver** er ein måte å svara på uroa til Paulus over at korintarane har delt seg i ulike parti. Han utfordrar dei med spørsmålet: "Er Kristus delt?" Vi kan ikkje leva åleine, stengde inne i våre eigne kristne samfunn, og tenkje at vi har einskap. Vi må ha vilje til å ta imot gåver frå kvarandre. Dette er eit steg vidare frå å nemna ei gåve som vi har å gje til dei andre. Her gjeld det å sjå kva dei andre har av nådegåver som kan gje rikdom til heile Kristi kropp. "Utvekslinga" blir forklart i detalj nedanfor. Men det trengst planlegging. Vi tenkjer oss følgjande:

Innby representantar frå ulike kyrkjer i nærleiken til å tenkja saman om kva for gåver alle kan få av dei andre. Målet er å sette namn på ei gåve frå kvart samfunn som dei andre kan ta imot.

Det beste er om de også finn fram til korleis kvar av gåvene kan få eit symbol som kan berast fram under den økumeniske utvekslinga av gåver.

Når gåva vert boren fram, vert det kunngjort med formuleringa nedanfor eller noko tilsvarende:

"Frå _____ kyrkje tek vi med takk imot gåva _____ som her vert synt oss gjennom _____."

Ei økumenisk utveksling av åndelege gåver kan sjølvsagt verta tilpassa lokale tilhøve.

Forbønene løfter fram dei "Åtte tusenårsmåla" til dei Sameinte Nasjonane. Vi tenkjer de lyt trykka opp desse bønene for forsamlinga så dei kan sjå korleis dei særskilte måla er lagt inn i bønene.

De kan kanskje ønske å gjera forsamlinga merksam på at dei åtte svara i **Engasjement for einskap** passer saman med emna i materialet for dei åtte dagane.

"Dei som syng, bed to gongar." Vi har funne fram nokre veleigna salmar og songar, laga særskilt for Bøneveka 2014 av kanadiske salmediktarar og komponistar. De kan finna dei på nettstaden www.ecumenism.net/music/. Vi vonar de vil freista ta å med så mykje musikk som mogleg i dei økumeniske gudstenestene!

Ordning for Økumenisk Bønegudsteneste

L: *Leiar(ar)*

F: *Forsamling*

I. Vi kjem saman med von om einskap

Salme til inngang

Prestar og andre som har særlege oppgåver, kan koma inn i prosesjon.

Samling

L: Nåde vere med dykk og fred frå Gud, vår Far, og Herren Jesus Kristus!

L: Denne gudstenesta er laga i Canada. På språket til nokre av dei første menneska i landet, irokesarane, tyder ordet "Canada" *landsby* eller *grend*. Som Guds familie høyrer kristne i heile verda til i ein "landsby". Når vi held gudsteneste, knyter vi band til heile denne vakre globale landsbyen som er så full av strid og von. Kjære vener, ver velkomne til å be saman i vår Herre Jesu Kristi nåde, Guds kjærleik og Den heilage andens samfunn.

F: Amen.

L: Kjærleikens Gud, du kallar oss saman frå heim og kontor, frå gruver og fabrikk, frå åkrar og butikk, frå fiskebåt og dyreflokk, frå skolar og hospital, frå fengsel og fangenskap for at vi kan verta eitt i samfunnet med vår Herre Jesus Kristus.

F: Gjer oss til eitt i Kristus.

L: Urfolka i Canada har teke vare på eit gammalt ritual der dei bed med andletet i ulike retningar. Lat oss be saman med dei og venda oss i dei retningane som er nemnt:

Mot aust

L: Frå aust, der sola stig opp, får vi fred og ljøs og visdom og kunnskap

F: For desse gåvene takkar vi deg, Gud.

Mot sør

L: Frå sør kjem varme og leiing for vegen, og livets opphav og ende.

F: For desse gåvene takkar vi deg, Gud..

Mot vest

L: Frå vest kjem regnet med reinsande vatn som held livet oppe hjå alt som lever.

F: For desse gåvene takkar vi deg, Gud.

Mot nord

L: Frå nord kjem kulde og nordavind og den kvite snøen. Det gjer oss sterke så vi kan halda ut.

F: For desse gåvene takkar vi deg, Gud.

Vendt framover med andletet opp

L: Frå himmelen får vi mørke og ljøs og vinden frå din pust

F: For desse gåvene takkar vi deg, Gud.

Med andletet ned

L: Frå jorda kjem vi, og til jorda vender vi attende

F: Vi takkar deg, Gud, for ditt gode skaparverk, vår jordiske heim.

L: Lat oss gå på gode stigar, velsigna Gud, og leva på denne jorda som sysken. Hjelp oss å gleda oss over velsigninga frå dei andre, ta del i sorgene til kvarandre og saman med deg i Jesu namn og med Andens livgjevande pust fornya jordas andlet.

F: Amen.

Lovsong

Syndsvedkjenning

L: Lat oss tenkje på oppfordringa Paulus gav korintarane, og sanna syndene våre.

Nådige Gud, gjennom Kristus Jesus har du gjort oss rike alt, på all lære og all kunnskap. Men vi vil gjerne sjølv ta æra for alle desse gåvene og tenkjer ikkje på kvar dei kjem ifrå. Tilgje oss, Herre.

F: Herre, miskunn deg over oss! (Eller syng "Kyrie eleison")

L: Nådige Gud, i Kristus manglar vi ikkje noka nådegåve. Likevel er vi ofte altfor forsiktige og sjølvoppteke til å dela herlegdomen i den livgjevande bodskapen med dei kring oss. Tilgje oss, Herre.

F: Herre, miskunn deg over oss!

L: Nådige Gud, du kallar oss til fellesskap med din Son, Jesus Kristus.

Men vi har ikkje nokon eldhug etter å vera nært knytte saman i same syn og same tanke, og vi tillet altfor ofte motsetnad og strid mellom oss. Tilgje oss, Herre.

F: Herre, miskunn deg over oss!

L: Nådige Gud, du er trufast sjølv når du ser kor svake vi er. Tilgje oss likesæla vår som gjer at vi så lett godtek motsetnad og strid mellom oss. Lat din heilage Ande tenna opp att i oss iveren etter å gjera noko handfast så vi kan æra deg og pakta med deg, med kvarande og med heile verda.

F: Amen.

II. Vi lyttar til Guds ord

Tekstlesing

Jesaja 57,14-19; Salme 36,5-10; 1. Korintarbrev 1,1-17; Markus 9,33-41

Preike/utlegging av teksta

III. Vi svarar saman i tru

Truvedkjenning

Her kan ein nytta den nikenske eller den apostoliske truvedkjenninga eller eit anna uttrykk for den felles kristne trua.

Salme/Song om tru og teneste

Økumenisk bytte av nådegåver

Dei som har førebudd gudstenesta, har alt snakka saman om dei ulike nådegåvene i dei ymse kyrkjene. Det kan vera lokale gåver eller gåver frå den vidare tradisjonen i kyrkja deira. Representantar for dei ulike kyrkjene ber fram gjenstandar som symboliserer gåver som deira tradisjon kan gje til heile den kristne fellesskapen. Gåvene vert borne fram og sette på eit bord. Ein leiar kan kunngjere gåvene med formuleringa nedanfor eller noko anna liknande:

L: Frå _____ kyrkja tek vi med takk imot gáva _____ som her er uttrykt med _____.

F: Gud, vi takkar deg for desse gåvene.

L: Herre Jesus Kristus, du sa til apostlane dine: " Fred etterlèt eg dykk, min fred gjev eg dykk." Sjå ikkje til syndene våre, men til trua i di kyrkje, og gje oss fred og einskap frå den himmelske byen der du, saman med Far og Den heilage ande, lever og råder no og i all æva.

F: Amen.

Forbøn

Dei kanadiske kyrkjene har slutta seg til "dei åtte tusenårsmåla" frå dei Sameinte Nasjonane. Bønene nedanfor tek opp i seg desse måla.

L: Vi bed for alle menneske som dag etter dag lir under *armod og svolt*. Dei utrygge tilhøva deira skapar ofte splitting. Lat Kristi kjærleik reisa opp att rettferd og fred. Nådige Gud, høyr vår bøn,

F: og svar oss i din kjærleik.

L: Vi bed for dei som arbeider for *at alle kan få utdanning*. Lat deira tørst etter kunnskap byggje bruer mellom kyrkjene våre og reisa opp att respekten for at vi er ulike. Nådige Gud, høyr vår bøn,

F: og svar oss i din kjærleik.

L: Vi bed for dei som arbeider for *likeverd og like rettar for kvinner og menn*. Må Guds bilete verta æra i alle kvinner og menn. Vi tenkjer særleg på at alle treng same tilgang på arbeid, varer og tenester. Når vi vert eitt i Kristus Jesus, lat oss då få ta imot gåvene frå både kvinner og menn i fullt mon. Nådige Gud, høyr vår bøn,

F: og svar oss i din kjærleik

L: Vi bed deg for dei unge som er sjuke og for dei som arbeider for å *betra barns helse*. Når vi tek vare på barn, so lat oss og ta imot Jesus sjølv. Nådige Gud, høyr vår bøn,

F: og svar oss i din kjærleik

L: Vi bed for kvinner som er med barn og for *mødrers helse*. Hjelp oss å bry oss om mødrer som ber fram nytt liv og som i kjærleiken til barna

sine minner oss om korleis Gud elsker oss og vil gjera oss alle til eitt.

Nådige Gud, høyr vår bøn,

F: og svar oss i din kjærleik

L: Vi bed for dei som *kjempar mot HIV/AIDS, malaria og andre sjukdomar*. Hjelp oss å høyra røysta til dei som har mista eit verdig liv. Slik kan vi og vera med og arbeida for ei verd der alle menneske vert rekna med og blir tatt vare på, og ingen vert sett utanfor. Nådige Gud, høyr vår bøn,

F: og svar oss i din kjærleik

L: Vi bed for alle dei som må bera følgjene av at skaparverket vert forvalta på slett vis, og for alle artar som er truga. Syn oss kva som trengst for eit *berekraftig miljø* så vi kan verta forsona med skapningen. Nådige Gud, høyr vår bøn,

F: og svar oss i din kjærleik

L: Vi bed for dei som gjer internasjonal solidaritet og *globalt partnarskap* til røyndom. Lat oss og fremja rettferd gjennom å nytta rettferdig handel med varer og innsats for å sletta gjelda for dei fattigaste landa. Nådige Gud, høyr vår bøn,

F: og svar oss i din kjærleik

L: Lat oss høyre røysta di, Herre, mens vi freistar gjera desse måla til røyndom og vandrar saman mot det riket du bad for. Derfor bed vi og:

Herrens bøn (*framsagt eller sunge*)

Fredsteikn

L: Då franskmennene kom til Canada i det sekstande og syttande hundreåret, fann dei eit land som var rikt på ressursar, og dei fekk hjelp av folka som budde der. Takksemda dei kjente gjorde at skipet som kom med grunnleggjarane av byen Québec, hadde fått namnet "Don de Dieu" som tyder "Gåva frå Gud."

I fleire ordningar for nattverd som vert nytta i Canada, vert folket bedne til måltidet med orda: "Guds gåver for Guds folk". Einskaperen vi bed om er at den kyrkjelege fellesskapen vår vert sett i stand slik at vi saman kan ta imot nattverdens gåver. Men alt på vegen til synleg einskap kan vi gi og ta imot gåver frå kvarandre, "Guds gåver for Guds folk."

I den fransktalande provinsen Québec er uttrykket "Don de Dieu" – gåva frå Gud - høgst levande både mellom kristne og i den populære kulturen. Det minner om ei slik takksemd for Guds gåver som kjem frå tida då forfedrane deira kunne dela takken med den første nasjonen i Canada. Som eit teikn på vår fred og at vi tek imot gåvene vi får av kvarandre, skal vi si til kvarandre med fransk-kanadiarane: "Don de Dieu."

Deltakarane helser kvarandre med ein omfamning, eit nikk eller handslag medan dei seier:

F: Don de Dieu.

Salme og ofring (*Mens salmen syngast kan ein ta opp kollekt*)

IV. Vi går vidare ut i verda

Forplikting på einskap

L: Paulus utfordra dei kristne i Korint til å kjenna i hjarta og syna gjennom handling at Kristus ikkje er delt. Han utfordrar oss og til å realisera stadig meir den einskapen vi alt har i Kristus.

Med alle som på kvar sin stad påkallar Herren Jesu Kristi namn.

F: Saman er vi kalla til å vera heilage.

L: Vi er velsigna av Gud på alle vis.

F: Saman takkar vi for kvarandre.

L: Vi er rike ved Guds nåde som er gitt oss i Kristus Jesus.

F: Saman manglar vi ikkje noka nådegåve.

L: Vi er trygge i Gud som styrker oss til kjærleik og teneste.

F: Saman sannar vi at Gud er trufast.

L: Vi er omfamna av Jesus Kristus.

F: Saman er vi kalla til fellesskap

L: Vi er knytte saman i same syn og same tanke.

F: Saman søker vi å vera samde.

L: Vi legg vekk usemja om han som vart krossfest for oss.

F: **Saman høyrer vi Kristus til.**

L: Er da Kristus delt?

F: **Nei! Saman går vi ut i verda for å forkynna den glade budskapen.**

Salme

Velsigning og utsending

Velsigninga kan bli gjeven av fleire gudstenesteleiarar saman i forma nedanfor eller i ei anna form.

L: Herren vera med dykk.

F: **Og også med deg.**

L: Må Herren Jesus dra dykk til seg med sin kjærleik,
må Herren Jesus styrka dykk til teneste med si kraft,
må Herren Jesus fylla dykk med si glede,
og må velsigninga frå den allmechtige Gud: Far, Son og Heilag ande
vera over dykk og bli hjå dykk for alltid.

F: **Amen.**

L: Gå i fred
for å elska og bli elska,
for å ta imot og høyra til,
for å tena og få omsorg,

F: **Gud vere takk!**

Slutningsalme eller postludium

Ordning for Økumenisk bønnegudstjeneste

L: Leder

F: Forsamling

I. Vi kommer sammen med håp om enhet

Salme til inngang

Prester og andre som har særskilte oppgaver, kan komme inn i prosesjon.

Samling

L: Nåde være med dere og fred fra Gud, vår Far, og Herren Jesus Kristus!

Denne gudstjenesten er laget i Canada. På språket til noen av de første menneskene i landet, irokeserne, betyr ordet "Canada" *landsby* eller *grend*. Som Guds familie (*Ef2,19*) hører kristne i hele verden til i en "landsby". Når vi holder gudstjeneste, knytter vi bånd til hele denne vakre globale landsbyen som er så full av kamp og håp. Kjære venner, vær velkommen til å be sammen i vår Herre Jesu Kristi nåde, Guds kjærlighet og Den hellige ånds samfunn.

F: Amen.

L: Kjærlighetens Gud, du kaller oss sammen fra hjem og kontor, fra gruver og fabrikker, fra åkre og butikker, fra fiskebåt og dyreflokk, fra skoler og sykehus, fra fengsel og fangenskap for at vi kan bli ett i samfunnet med vår Herre, Jesus Kristus.

F: Gjør oss alle til ett i Kristus.

L: Urfolkene i Canada har tatt vare på et gammelt rituale der de ber med ansiktet vendt i ulike retninger. La oss be sammen med dem og vende oss i de retningene som er nevnt:

Mot øst

L: Fra øst, der sola stiger opp, får vi fred og lys og visdom og kunnskap.

F: Vi takker deg for disse gavene, Gud.

Mot syd

L: Fra syd kommer varme og veiledning for livet, og livets begynnelse og ende.

F: Vi takker deg for disse gavene, Gud.

Mot vest:

L: Fra vest kommer regnet med rensende vann som holder livet oppe hos alt levende.

F: Vi takker deg for disse gavene, Gud.

Mot nord

L: Fra nord kommer kulde og nordavind og den hvite snøen. Det gjør oss sterke så vi kan holde ut.

F: Vi takker deg for disse gavene, Gud.

Vendt forover med ansiktet opp

L: Fra himmelen får vi mørke og lys og vinden fra din pust.

F: Vi takker deg for disse gavene, Gud.

Med ansiktet ned

L: Fra jorden kommer vi, og til jorden vender vi tilbake.

F: Vi takker deg, Gud, for ditt gode skaperverk, vårt jordiske hjem.

L: La oss gå på gode stier, velsignede Gud, og leve på denne jorden som søsken. Hjelp oss å glede oss over velsignelsen fra de andre, ta del i hverandres sorger og sammen med deg i Jesu navn og med Åndens livgivende pust fornye jordens ansikt.

F: Amen.

Lovsang

Syndskjennelse

L: La oss tenke på oppfordringen Paulus ga korinterne og bekjenne våre synder.

Nådige Gud, gjennom Kristus Jesus har du gjort oss rike på alt, på all lære og all kunnskap. Men vi vil gjerne selv ta æren for alle disse gavene og tenker ikke på hvor de kommer fra. Tilgi os, Herre.

F: Herre, miskunn deg over oss! (Eller syng "Kyrie eleison")

L: Nådige Gud, i Kristus mangler vi ikke noen nådegave. Likevel er vi ofte altfor forsiktige og selvopptatte til å dele herligheten i det livgivende budskapet med dem som er omkring oss. Tilgi oss, Herre.

F: Herre, miskunn deg over oss!

L: Nådige Gud, du kaller oss til fellesskap med din Sønn, Jesus Kristus. Men vi er ikke ivrige etter å stå sammen i syn og tanke, og vil lar det altfor ofte bli motsetninger og stridigheter blant oss. Tilgi oss, Herre.

F: **Herre, miskunn deg over oss!**

L: Nådige Gud, du er trofast selv når du ser hvor svake vi er. Tilgi oss vår likegyldighet som gjør at vi altfor lett godtar splid og uenighet blant oss. La din hellige Ånd tenne iveren i oss til å gjøre noe håndfast som kan ære deg og pakten med deg, med hverandre og med hele verden.

F: **Amen.**

II. Vi lytter til Guds ord

Tekstlesning

Jesaja 57,14-19; Salme 36,5-10; 1 Korinterbrev 1,1-17; Markus 9,33-41

Preken / tekstutleggelse

III. Vi svarer sammen i tro

Trosbekjennelse

Her kan en bruke den nikenske eller den apostoliske trosbekjennelse eller et annet uttrykk for den felles kristne tro.

Salme / Sang om tro og tjeneste

Økumenisk bytte av nådegaver

De som har forberedt gudstjenesten, har allerede snakket sammen om ulike nådegaver i de forskjellige kirkene. Det kan være lokale gaver eller gaver fra deres kirke tradisjon. Representanter fra de forskjellige kirkene bærer frem gjenstander som symboliserer gaver som deres tradisjon kan gi til hele det kristne fellesskapet. Gavene blir båret frem og satt på et bord. En leder kan fortelle om gavene med formuleringen nedenfor eller noe annet lignende:

L: Fra _____ kirke tar vi med takk imot gaven _____ som her er uttrykt med _____.

F: **Gud, vi takker deg for disse gavene.**

L: Herre Jesus Kristus, du sa til apostlene dine: "Fred etterlater jeg dere. Min fred gir jeg dere." Se ikke til våre synder, men til troen i din kirke, og gi oss fred og enhet fra den himmelske byen der du, sammen med Far og Den hellige ånd, lever og råder nå og i all evighet.

F: **Amen.**

Forbønn

De kanadiske kirkene har sluttet seg til "de åtte tusenårsmålene" fra de Forente Nasjoner. Bønnene nedenfor tar disse målene opp i seg.

L: Vi ber deg for alle mennesker som dag etter dag lider under *fattigdom og sult*. Deres utrygge livsforhold skaper ofte strid. La Kristi kjærlighet gjenopprette rettferdighet og fred. Nådige Gud, hør vår bønn,

F: **og svar oss i din kjærlighet.**

L: Vi ber for dem som arbeider for at *alle kan få utdanning*. La deres tørst etter kunnskap bygge broer mellom kirkene våre og gjenopprette respekten for at vi er ulike. Nådige Gud, hør vår bønn,

F: **og svar oss i din kjærlighet.**

L: Vi ber for dem som arbeider for *likeverd og like rettigheter for kvinner og menn*. La Guds bilde bli æret, både i kvinner og menn. Vi tenker særlig på at alle må få samme tilgang til arbeid, varer og tjenester. Når vi blir ett i Kristus, la oss da få ta imot gavene fra både kvinner og menn i fullt mål. Nådige Gud, hør vår bønn,

F: **og svar oss i din kjærlighet.**

L: Vi ber deg for barn og unge som er syke, og for dem som arbeider for å *bedre barns helse*. Når vi tar vare på barn, så la oss ta imot Jesus selv. Nådige Gud, hør vår bønn,

F: **og svar oss i din kjærlighet.**

L: Vi ber for kvinner som er med barn og for *mødres helse*. Hjelp oss å bry oss om mødre som bærer frem nytt liv. I kjærligheten til barna sine minner de oss om hvordan Gud elsker oss og vil gjøre oss alle til ett. Nådige Gud, hør vår bønn,

F: **og svar oss i din kjærlighet.**

L: Vi ber for dem som *kjemper mot HIV/AIDS, malaria og andre sykdommer*. Hjelp oss å høre dem som har mistet et verdig liv, så vi kan være med og arbeide for en verden der alle mennesker blir regnet med og tatt vare på, og ingen blir satt utenfor. Nådige Gud, hør vår bønn,

F: og svar oss i din kjærlighet.

L: Vi ber for alle dem som må bære konsekvensene av at skaperverket blir forvalt på en dårlig måte, og for alle truede arter. Vis oss hva som trengs for et *bærekraftig miljø* så vi kan bli forsonet med skaperverket. Nådige Gud, hør vår bønn,

F: og svar oss i din kjærlighet.

L: Vi ber for dem som gjør internasjonal solidaritet og *globalt partnerskap* til en realitet. Hjelp oss så også vi kan fremme rettferdighet gjennom rettferdig handel og innsats for å slette gjeld for de fattigste landene. Nådige Gud, hør vår bønn,

F: og svar oss i din kjærlighet.

L: La oss høre din røst, Herre, mens vi forsøker å gjøre disse målene til virkelighet og vandrer sammen mot det riket du ba for. Derfor ber vi også:

Herrens bønn (*frem sagt eller sunget*)

Fredstegn

L: Da franskmennene kom til Canada i det sekstende og syttende århundre, fant de et land som var rikt på ressurser, og de fikk hjelp av menneskene som bodde der. Takknemligheten de kjente, gjorde at skipet som kom med grunnleggerne av byen Québec, hadde fått navnet "Don de Dieu" som betyr "Gaven fra Gud".

I flere nattverdordninger som brukes i Canada, blir forsamlingen innbudt til måltidet med ordene "Guds gaver for Guds folk." Vi ber om at vårt kirkelige fellesskap må bli i stand slik at vi sammen kan ta imot nattverdens gaver. Men alt på veien dit kan vi gi og ta imot gaver fra hverandre, "Guds gaver for Guds folk."

I den fransktalende provinsen Québec er uttrykket "Don de Dieu" – "Guds gave" – høyst levende både blant kristne og i populærkulturen. Det minner om en slik takknemlighet for Guds gaver som går helt tilbake til den tiden da deres forfedre kunne dele takken med den første nasjonen i Canada. Som et tegn på vår fred og at vi tar imot gavene vi får av hverandre, skal vi med fransk-kanadierne si til hverandre: "Don de Dieu."

Deltakerne hilser hverandre med en omfavnelse, et nikk eller håndslag mens de sier:

F: Don de Dieu.

Salme og ofring (*Mens salmen synges kan det tas opp kollekt*)

V. Vi går videre ut i verden

Forpliktelse på enhet

L: Paulus utfordret de kristne i Korint til å kjenne i hjertet og vise i handling at Kristus ikke er delt. Og han utfordrer oss til å realisere stadig mer av en enheten vi alt har i Kristus.

Med alle som på hvert sitt sted påkaller Herren Jesu Kristi navn.

F: Sammen er vi kalt til å være hellige.

L: Vi er velsignet av Gud på alle måter.

F: Sammen takker vi for hverandre.

L: Vi er rike ved Guds nåde som er gitt oss i Kristus Jesus.

F: Sammen mangler vi ikke noen nådegave.

L: Vi er trygge i Gud som styrker oss til kjærlighet og tjeneste.

F: Sammen bekjenner vi at Gud er trofast.

L: Vi er omfavnet av Jesus Kristus.

F: Sammen er vi kalt til fellesskap.

L: Vi står sammen i syn og tanke.

F: Sammen søker vi enighet.

L: Vi legger vekk uenigheten om ham som ble korsfestet for oss.

F: Sammen hører vi Kristus til.

L: Er da Kristus delt?

F: Nei! Sammen går vi ut i verden for å forkynne det glade budskap.

Salme

Velsignelse og utsending

Flere gudstjenesteledere kan være sammen om å lyse velsignelsen – slik den er skrevet nedenfor eller i en annen form.

L: Herren være med dere.

F: **Og også med deg.**

L: Må Herren Jesus dra dere til seg med sin kjærighet,
må Herren Jesus styrke dere til tjeneste med sin kraft,
må Herren Jesus fylle dere med sin glede,
og må velsignelsen fra den allmektige Gud: Far, Sønn og Helligånd
være med dere og bli hos dere for alltid.

F: **Amen.**

L: Gå i fred
for å elske og bli elsket,
for å ta imot og høre til,
for å tjene og få omsorg.

F: **Gud være takk!**

Slutningssalme eller postludium

BIBELSTUDIUM OG BØNER FOR FOR DE ÅTTE DAGENE

Fyrste dagen

Saman ... er vi kalla til å vera heilage

2 Mosebok 19,3-8

De skal vera eit kongerike av prestar og eit heilagt folk for meg

Salme 95,1-7

Vi er folket han gjeter, flokken i hans hand

1 Peter 2,9-10

De som *før ikkje var eit folk*, er no Guds folk

Matteus 12,46-50

Den som gjer det Far min i himmelen vil, er bror min, syster mi og mor mi

Tre punkt til ettertanke

Alle vi som kallar på Herrens namn, er kalla til å vera heilage, "helga i Kristus Jesus" I 2. Mosebok kallar Gud det folket han har samla seg, "min kostelege eigeidom", "eit kongerike av prestar og eit heilagt folk."

At vi høyrer med i dette samfunnet av heilage, seier 1 Peter heng saman med at Gud har kalla oss og gjort oss til ei utvald ætt og eit kongeleg presteskap. Vi er folket som Gud har vunne seg. Fordi vi er kalla slik, har vi og fått medansvar for å fortelja om Guds mektige gjerningar då han tok oss ut av mørkret og sette oss inn i Guds ljós.

Vidare ser vi hjå Matteus at fordi vi er eit samfunn av dei heilage og søker å gjera Guds vilje, så må også einskapen i Jesus, som vi saman bed for, strekkja seg langt ut over vår eigen familie, ætt og klasse.

Spørsmål

- Kva tyder uttrykket "eit samfunn av dei heilage" for dykk eller for dykkar kyrkjetradisjon?
- Korleis kan kallet frå Gud til å vera eit "heilagt folk" krevja av oss at vi går ut over vår lokale kristne samanheng?

Bøn

Nådige Gud, saman med alle dei som kallar på Herrens namn, høyrer vi som er skrøpelege menneske, kallet ditt om å vera heilage. Rett nok har du gjort oss til ei utvalt ætt, eit kongeleg prestedøme og eit heilagt folk. Vi bed deg at du ved Din heilage ande dreg oss saman i samfunnet av dei heilage og styrkjer oss til å gjera din vilje og fortelja om vår Herre Jesu Kristi mektige gjerningar.

Amen

Andre dagen

Saman ... takkar vi for Guds nåde i kvarandre

5 Mosebok 26,1-11	Herren førte oss ut frå Egypt
Salme 100	Lov Herren, velsign hans namn
Filipperne 1,3-11	Eg takkar alltid min Gud når eg tenkjer på dykk
Johannes 1,1-18	Nåden og sanninga kom ved Jesus Kristus

Tre punkt til ettertanke

Takksemd i 5 Mosebok er å leva livet med ei sterk kjensle av at Gud er nær i oss og omkring oss. Det er evna til å kjenna at Guds nåde er aktiv og levande i menneska omkring oss, ja i alle menneske over alt, og å gje Gud takk for det. Gleda som strøymer frå nåden, er så rik at ho til og med omfamnar "innflyttaren som bur hos deg."

Takksemd i ei økumenisk samanheng er å kunna gleda seg over dei gåvene som finst i andre kristne samfunn. Det er ei haldning som opnar dører mellom dei kristne samfunna så vi kan dela gåver og læra av kvarandre.

Heile livet er ei gåve frå Gud, heilt frå verda var skapt til den gong Gud vart menneske i Jesu liv og virke og til denne augneblinken vi no lever i. Lat oss takka Gud for nådens gåver og sanninga som blei gitt i Jesus Kristus og som vi finn i kvarandre og i kyrkjene våre.

Spørsmål

- Kva for gåver av Guds nåde frå andre kyrkjetradisjonar har vi vorte kjent med i våre eigne samfunn?
- Korleis kan kristne av ulike tradisjonar betre ta imot og dela nådegåver som Gud har gitt kvar einskild av oss?

Bøn

Nådige og kjærlege Gud, vi takkar deg for dei nådegåvene som vi kjenner frå vår eigen tradisjon og frå tradisjonane til andre kyrkjer. Lat ved din heilage Ande takken vår halda fram med å veksa når vi møter kvarandre og opplever den gåva som einskapen er på nye måtar. Det ber vi om ved Jesus Kristus, vår Herre. Amen

Tredje dagen

Saman ... manglar vi ikkje noka nådegåve

Job 28,20-28

Å frykta Herren, det er visdom

Salme 145,10-21

Du opnar di hand og mettar alt levande med det gode

Efeserne 4,7-13

Til kvar einskild av oss er nåden gjeven, alt etter som Kristi gåve blir tilmålt

Markus 8,14-21

Kvifor snakkar de om at de ikkje har brød?

Tre punkt til ettertanke

Job skjønner at sjølv om alt er tatt frå han og berre frykta for Herren er att, så er det sjølve visdomen. Rett nok er vi blitt fattige ved å vera splitta. Men som sysken i Kristus er vi velsigna med talrike gåver, åndelige og materielle, til å bygge opp kroppen hans.

Men trass i lovnadene Gud har gjeve oss, og trass i at Jesus er raus og full av kjærleik, gløymer vi likesom disiplane kor rike vi er. Vi deler opp og sparer, vi snakkar og handlar som om vi ikkje har noko brød.

Men Kristus er ikkje delt. Saman har vi gåver nok å dela med kvarandre og med "alt levande".

Spørsmål

- På kva for vis har vi gløymt rikdomen i Guds gåver slik at vi seier "Vi har ikkje brød"?
- Korleis kan vi betre dela dei åndelege og materielle gåvene vi har fått?

Bøn

Trufaste Gud, du som ikkje lukker handa når vi bed, vi takkar og prisar deg for at du har gjeve oss alle dei åndelege gåvene vi treng for å få heile Kristi fylde: visdom, tenesteoppgåver og brød. Hjelp oss til å vera teikn på din rikdom og overflod når vi saman ber fram gåvene frå ditt evige rike til alle stader der menneske lid naud. Fylt med Anden bed vi i namnet til den Eine som nå og alltid gjev oss livets brød i sin krossfeste kropp. Amen

Fjerde dagen

Saman ... sannar vi at Gud er trufast

Klagesongane 3,19-26	Herrens miskunn tek ikkje slutt
Salme 57,7-11	Guds truskap når til skyene
Hebrearane 10,19-25	Han som gav lovnaden, er trufast
Lukas 1,67-75	Han såg til sitt folk og har løyst det

Tre punkt til ettertanke

Den evige einskapen mellom Far, Son og Heilag ande dreg oss nærare inn i Guds kjærleik og kallar oss til å ta del i Guds arbeid i verda med kjærleik, miskunn og rettferd. Hos Gud er ikkje miskunn og rettferd delt, men tvert om sameina i Guds trufaste kjærleik som syner seg i fredspakta med oss og med heile skaparverket.

Sakarja vitnar som nybakt far om korleis Gud syner sin miskunn gjennom å halda fast ved lovnaden han gav til Abraham og hans etterkomarar. Gud er trufast mot si heilage pakt.

Når vi held fram med å be om einskap i kyrkja, må vi ikkje gløyme å koma saman og oppmuntra og inspirera kvarandre til å koma vidare mot kjærleik og gode gjerningar ved å seia: "Gud er trufast."

Spørsmål

- Korleis har de sett Guds truskap i livet dykkar og i kyrkja dykkar i det siste året?
- Korleis kan Guds truskap inspirera oss til å arbeida vidare mot målet om kristen einskap?

Bøn

Trufaste Gud, vi takkar deg for din kjærleik og din miskunn som når til skyene. Fyll oss med tillit til dine lovnader medan vi med glede ventar, arbeider og bed saman om at einskapen i di kyrkje må verta synleg for alle. Vi ber fram denne bøna gjennom Jesus Kristus, vår Herre, i krafta frå Den heilage ande, ein Gud no og i all æve. Amen.

Femte dagen

Saman ... er vi kalla inn i fellesskap

Jesaja 43,1-7

Salme 133

1 Johannes 1,3-7

Johannes 15,12-17

Er eg med deg

Sjå, kor godt og vakkert det er når brør bur saman

Vi skal ha fellesskap med kvarandre

Eg kallar dykk vener

Tre punkt til ettertanke

Vi er kalla inn i fellesskap med Gud vår Far, med hans son, Jesus Kristus og Den heilage ande. Når vi kjem nærare den treeinige Gud, kjem vi og nærare kvarandre i kristen einskap.

Kristus gjorde ei endring i forholdet vårt. Han kallar oss vener i staden for tenarar. Som ein konsekvens av dette kjærleiksforholdet mellom vener, er vi kalla til å bytta ut forhold som er prega av makt og dominans med venskap og kjærleik til kvarandre.

Jesus kallar oss til å vitna om evangeliet både for dei som ennå ikkje har høyrtdet, og for dei som har høyrtdet. Forkynninga inneheld eit kall til samfunn med Gud og skapar eit fellesskap mellom dei som svarar.

Spørsmål

- Korleis erfarar de kallet til samfunn med Gud?
- Korleis kallar Gud dykk inn i samfunn med andre i dykkar eiga kyrkje og utanfor dykkar eiga kyrkje?

Bøn

Kjærleikens Far, du har kalla oss inn i samfunn med din Son og sett oss til å bera frukt gjennom å vitna om evangeliet. Gje oss nåde ved din Ande til å elska kvarandre og bu saman i einskap så gleda vår kan verta fullkomen. Amen

Sjette dagen

Saman ... søker vi å vera samde

Domarane 4,1-9

Går du med, skal eg gå

Salme 34,2-15

Søk fred og jag etter han

1 Korintarbrev 1,10-15

Ver nært knytte saman, i same syn og same tanke

Lukas 22,24-30

No vart det òg strid mellom dei

Tre punkt til ettertanke

Splittinga som er teikna i 1 Kor 1,12-13 speglar ei forvrenging av evangeliet som øydelegg heilskapen i Kristus. Det fyrste skrittet for å byggja einskap er, som dei hos Kloe gjorde, å erkjenne at det finst konflikt og strid.

Kvinner som Debora og Kloe lyftar ei profetisk røyst blant Guds folk i tider med strid og splitting. Dei held fram for oss trongen til forsoning. Slike profetiske røyser kan få folk til å koma saman att.

Når vi arbeider for å verta knytt saman ”i same syn og same tanke”, vert vi kalla til å søkja Herren og hans fred slik salmediktaren skreiv.

Spørsmål til ettertanke

- Kan de hugsa eit høve då einkvan på profetisk vis peikte på ei smerteleg kyrkjeleg usemje og slik fornya kampen for større einskap?
- Kva for saker skaper splitting mellom dei kristne kyrkjene? Kan de sjå nokre vegar som leier til større einskap?

Bøn

Kjære Gud, du gjev oss profetiske vitne i tider med usemje og strid. Når vi søker deg, Herre, då send oss din heilage Ande og gjer oss til forsoningsarbeidarar som er knytte saman i same syn og same tanke. Vi ber ved Jesus Kristus, vår Herre. Amen

Sjuande dagen

Saman ... høyrer vi Kristus til

Jesaja 19,19-25

Salme 139,1-12

1 Korintar 12,12-26

Markus 9,38-41

Gud senda dei ein frelsar

Kvar skulle eg gå frå din pust,

For om ein lem lid ... Og om ein lem blir æra ...

Den som ikkje er imot oss, er med oss.

Tre punkt til ettertanke

Jesaja så for seg ein dag då egyptarane og assyrarane ville halde gudsteneste saman med Israel som Guds folk. Kristen einskap høyrer til i den planen Gud har, at alle menneske, ja, sjølvve kosmos, skal vera eitt. Vi bed for den dagen då vi kan feira gudsteneste saman med i same tru og med eitt nattverdfelleskap.

Vi er velsigna av gåvene frå mange ulike kyrkjetradisjonar. Når vi oppdagar desse gåvene hos kvarandre, driv det oss mot synleg einskap.

Dåpen sameiner oss som ein kropp i Kristus. Sjølv om vi set pris på våre eigne kyrkjer, så minner Paulus oss om at alle som kallar på Herrens namn er saman med oss i Kristus, for vi høyrer alle til i den eine kroppen. Det finst ingen vi kan si til: "Eg treng deg ikkje." (1 Kor 12,21)

Spørsmål

- Kva for teikn er det på "å høyre Kristus til"?
- Korleis kan setninga "Eg høyrer Kristus til" nyttast til å skilje kristne i staden for å sameine dei?

Bøn

Vi takkar deg, Gud, at du velsignar kvar einskild lem på Kristi kropp med gåvene frå din Ande. Hjelp oss å ha omsut for kvarandre, respektera det som er ulikt mellom oss og arbeida for einskap mellom alle dei som rundt om i verda kallar på Jesus som Herre. Amen

- Jesaja 61,1-4 Herren Guds ande .. har sendt meg for å forkynna ein god budskap.
- Salme 145,1-7 Slekt etter slekt prisar dine gjerningar.
- 1 Korintar 15,1-8 Først og fremst overgav eg til dykk det som eg sjølv hadde motteke.
- Lukas 4,14-21 I dag vart dette skriftordet oppfylt medan de hørde på.

Tre punkt til ettertanke

Saman forkynner vi på nytt den glade budskapen profeten Jesaja såg, som vart oppfylt i vår Herre Jesus, forkynt av apostelen Paulus og motteke av kyrkja. Om vi ser ærleg på ulikskapen mellom oss og på merkelappane på kyrkjjesamfunna vi høyrer til, må vi aldri tape synet av den oppgåva som vi alle har fått: Å forkynna evangeliet om Jesus Kristus.

Paulus er sendt "for å forkynna evangeliet, og då ikkje med talekunst og visdom, så Kristi kross ikkje skal mista si kraft!" (1 Kor 1,17). Vegen til einskap er å finna i krafta frå krossen.

Evangeliet vi forkynner vert verkeleg og fullt av meining for oss når vi ber fram vitnemål om kva Jesus har gjort i livet vårt og i den kristne forsamlinga.

Spørsmål

- På kva vis har evangeliet de har teke imot, vore prega av den kulturelle og historiske overleveringa?
- Har det vore eit hinder for einskap?
- Korleis ville sterkare einskap i Kristus gjera oss til betre vitne om evangeliet vi har teke imot?

Bøn

Nådige Gud, du sende din Son Jesus Kristus i Andens kraft til å berga ditt folk. Samein oss i vår ulikskap så vi saman kan stadfesta og forkynna den glade budskapen om Kristi liv, død og oppstode for ei verd som treng hans evangelium. Amen

Meir materiale til gudstenester

Meir materiale til Bøneveka for kristen einskap 2014 kan de finna på verdsveven under "Ecumenism in Canada" på adressa

<http://ecumenism.net/music/>

Filene som er lista opp der, er komne inn som svar frå kanadiske salmediktarar og komponistar på spørsmål om musikk til temaet for Bøneveka 2014: Er Kristus delt? eller til det generelle temaet: bøn for kristen einskap.

De kan gjerne lasta ned nokre eller alle desse musikkstykkja og nytta dei i bøna for kristen einskap.

Økumenisk tilhøve i Canada²

Mellom mange faktorar som verkar inn på den religiøse røynsla i Canada, er sjølve storleiken på landet vårt. Canada er det nest største landet i verda. 40% høyrer til Arktis nord for 60. breiddegrad. Landet strekker seg frå Atlanterhavet til Stillehavet, frå USA til Nordpolen. Canada har 10 provinsar og tre territorium. Vi er omgjevne av tre hav: Atlanterhavet, Stillehavet og Nordishavet. Den einaste grensa på land er grensa mot USA, og der har det vore fred i nær 200 år. Canada er ein sambandsstat av tidlegare britiske koloniar med parlamentarisk styresett i ein føderasjon av ti provinsar og tre territorium. Unionen av tidlegare koloniar og frigjeringa frå England skjedde på fredeleg vis. Canada held fram som pådrivar til internasjonalt engasjement og samarbeid. Dei enorme avstandane mellom byane våre har fremja sjølvstende og lokal identitet i regionane, men kan og føra til at ein kan kjenne seg framand i eige land.

Canada er kjent for sin praktfulle natur: fjell, skogar, sjøar og elvar, hav av kveite og tre kystliner. Dette er eit land som er rikt på jordbruk og naturressursar. Canada er og eit land med mange folkeslag: urfolk, inuitar og métis³, seinare er mange folkeslag komne frå heile verda for å busetje seg her. Vi har to offisielle språk, fransk og engelsk, men mange kanadiarar liker betre

2 Denne teksta er skriva av den økumeniske gruppa i Canada som kom saman for å førebu tekstene for Bøneveka 2014. Teksta vert her attgjeve på deira ansvar.

3 Urfolk eller "First Nations" er eit omgrep som vert nytta i Canada for å vedgå at det budde folk her før europearane kom. Urfolka i Arktis kallar seg sjølv for inuitar. Métis er eit omgrep som viser til folk med både innfødt og fransk opphav.

å nytta kulturen og språket dei har arva frå heimlanda til forfedrane.

Jaques Cartier var den første franske oppdagaren som segla opp St. Lawrence-elva. Han var og den første europearen som høyrde dei innfødde nytta ordet "Canada" som tyder "landsby". Av dei første busettarane frå Frankrike var dei fleste romersk-katolske, men det var og mange protestantar, især handelsfolk som var hugenottar. Dei religiøse spenningane i Frankrike synt seg ikkje i "Nye Frankrike". Her arbeidde gjerne grupper av jesuittar saman med protestantar. Men diverre måtte den tidlege perioden med samarbeid vike for diskriminering, og til sist vart berre katolikkar offisielt tillatne som busettarar i Nye Frankrike. Det første namnet på Montreal, "Ville Marie," var eit uttrykk for dette katolske grunnlaget.

Midt på 1700-talet vart Nye Frankrike overdratt til England, og alle dei fransk-kanadiske familiane vart undersåttar under den engelske anglikanske kongen. På ei tid då England framleis hadde lover som diskriminerte katolikkar, vart det i Canada gjeve religionsfridom saman med fridom til språk, kultur og utdanning. Likevel kom det vekslende tider med toleranse og tvang under dette regimet. Katolske biskopar hadde tilsynet med dei fleste sosiale institusjonane i dei fransktalande områda heilt til på 1950-talet. Men landet voks og tok imot bølger av immigrantar. Frå slutten av det 18. hundreåret tok det til å koma engelske, skotske og irske nybyggjarar. Nye bølger med innvandring kom frå både Vest-Europa og Aust-Europa i det 19. hundreåret. Dei vart seinare etterfølgd av store mengder folk frå Latin-Amerika, Midt-Austen, Afrika og Asia. I det 20. hundreåret har det kome folk som immigrantar og flyktningar til Canada frå alle delar av verda. Mellom desse har ein stor mengd ortodokse frå Aust-Europa og Midt-Austen gjort det religiøse landskapet rikare i Canada. I dag feirar kanadiske kristne gudsteneste på hundrevis av språk og dialektar, og dei tek vare på typiske trekk frå sin eigen kultur innanfor ein rik kulturell og religiøs mosaikk. Folk med andre religionar - jødar, muslimar, sikhar, hinduar og Baha'i - har og busett seg i Canada. Byane i Canada er blant dei som er mest multikulturelle og multireligiøse i heile verda. Tidlegare var det regjeringas politikk å assimilera innvandrarane, men det er sidan 1970-åra avløyst av ein offisiell kulturpluralisme. Landet har vorte rikare gjennom tilskotet frå borgarar av ymse etnisk opphav, og vi gler oss over at dei er synlege i samfunnet, i politikk og utdanning, i helsevesen og kunst, i media, forretningsliv og religion.

For meir enn hundre og femti år sidan dreiv nokre kanadiske kyrkjesamfunn saman med regjeringa internatskuler for indianarar. Dei tok barn av urfolka

– ofte mot vilja til foreldra - og underviste dei og trakk dei inn i europeisk kultur. Desse skulane, som freista å utsletta innfødt språk og kultur, var og ofte åstader for fysisk og seksuelt misbruk og gjorde stor skade på borna og kjenslene deira. Dei største kyrkjene i Canada: Den romersk-katolske, Unionskyrkja, anglikanarar og presbyterianarar, som alle var medansvarlege for desse skulane, har nyleg bede om orsaking på forskjellig vis. Desse kyrkjene arbeider no nært saman med urfolka for å skaffa rettferd, helse, sanning og forsoning. Seinast skjedde det gjennom Den nasjonale kommisjonen for sanning og forsoning⁴ som vart oppretta som svar på arven etter dei indianske internatskulane.

Gjennom dei tidlegaste røynslene våre med grenselinene mellom kyrkjene har dei kanadiske kyrkjene utvikla sansen for samarbeid i den kyrkjelege tenesta. Så tidleg som i 1880-åra samarbeidde presbyterianarar, metodistar og kongregasjonalistar om tildeling av ansvarsområde for misjon i Vest-Canada. Ut av dette voks det unionskyrkjer som var med på å grunnleggja Unionskyrkja i Canada i 1925. Det var den første moderne økumeniske kyrkjeunionen i verda. Dei som tala for kyrkjeunionen, såg han som ein veg til sameina kristent leiarskap når nasjonen skulle byggjast. I dag går samarbeidet mellom kyrkjene føre seg på mange vis. Til sjelesorg i fengsel, sjukehus, universitet og i militæret vert det tilsett prester i økumeniske stillingar. Størstedelen av den teologiske utdanninga i Canada går føre seg på økumeniske skular. Andre former for samarbeid er komne til i dei lokale kyrkjelydane. Det finst til dømes felles økumeniske tenester der to eller fleire kyrkjesamfunn deler bygningar, presteskap eller program og tek del i ei felles økumenisk gudsteneste på sundagen.

Det Kanadiske kyrkjerådet (Canadian Church Council, CCC) er sett saman av 24 ulike kyrkjesamfunn. Dette er eit av dei breiaste og mest inkluderande kyrkjeråda i heile verda. Det omfattar kyrkjer av anglikanske, katolske, reformerte, evangeliske, kongregasjonalistiske til liks med austlege og orientalske ortodokse tradisjonar. CCC nyttar konsensus-prinsipp: alle skal vera samde når avgjerder vert fatta. Rådet vart oppretta i 1944, og medlemene representerer i dag 85% av alle kristne i Canada. Det er viktig å merka seg at Den kanadiske katolske bispekonferansen er fullt medlem av CCC saman med seks evangeliske kyrkjesamfunn. Canadas evangeliske samband (EFC) omfattar kyrkjesamfunn, foreiningar og lokale kyrkjelydar av evangelisk og pentekostal type. Mange kyrkjer er medlemar eller observatørar både i

CCC og EFC. I dei seinare åra har desse to gruppene arbeidd nærare saman.

Mange kyrkjer i Canada tek del i tosidige eller fleirsidige relasjonar både på nasjonalt og lokalt plan. Den viktigaste sambandet er samanslutninga i 1925 av presbyterianske, metodistiske og kongregasjonalistiske kyrkjer til Unionskyrkja i Canada. Men det har også vorte utvikla mange andre former for samband og fellesskap slik som Waterloo-erklæringa i 2001 der anglikanarar og lutheranarar innleia fullt kyrkjefellesskap. Kanadiske teologiske samtalar har både medverka til lokalt studium og refleksjon og ytt innsikt i dei internasjonale samtalanene.

Ei av dei mange nye sidene ved kanadisk økumenikk er dei meir enn femti mellomkyrkjelege tiltaka for sosial rettferd som vart danna i 1960-åra. Vi kan til dømes nemna "Prosjekt plogskjer", "Kvinnenes mellomkyrkjelege råd i Canada", "Kanadisk-økumenisk rettferdsinitiativ – KAIROS" og "Dei kanadiske kyrkjene sitt forum for verdsvid teneste". Dei har saman med mange andre vore med og stødd både kyrkjer og styringsverk med forskning og engasjement i innfløyte sosiale saker.

"Kanadisk økumenisk senter" vart oppretta i 1963 i Montreal av Irénée Beaubien i eit livfullt fransk og engelsk miljø. Senteret byr fram nasjonale ressursar som magasinet "Ecumenism". Det vert gitt ut både på fransk og engelsk og sendt til tingarar i meir enn 40 land. Senteret har levande og nær kontakt med sosiale rørsler, noko som kjem tydeleg fram i det nye programmet for "grøne kyrkjer". Dette programmet skal hjelpa alle slags kyrkjesamfunn til å verta betre forvaltarar av skaparverket.

Innkallinga til Andre Vatikankonsil tidleg i 1960-åra gav ein positiv påverknad til auka mellomkyrkjeleg arbeid i Canada. Økumenisk erfaring og innsikt frå Canada kjem tydeleg fram i hyrdingbrevet som erkebiskopen i Montreal, kardinal Paul-Émile Léger sende ut i 1962 med tittelen "Chrétiens désunis" (Skilde kristne). Léger sa ikkje at protestantane måtte bli katolikkar, men inviterte katolikkane til å be om einskap, særleg gjennom gjenoppliving og endring av den katolske kyrkja sjølv. Med ord som føregreip Andre Vatikankonsil, erkjente kardinalen at "ønsket om einskap vert sjølv hovudsaka i kristendomen i vår tid" og at det er viktig at denne rørsla vart "fødd under inspirasjonen frå Den heilage ande." Gjennom arbeidet med mysteriet om kyrkjas einskap og splitting la han vekt på at alle som er døypte med ein rett kristen dåp, "er poda inn i Kristus og har vorte til ein kropp i han." Han skreiv og at i ljuset frå Kristi klåre vilje er splitting ein skandale

og noko vondt. På dette viset oppfordra kardinalen flokken sin til å be om einskap og gå inn i dialog med andre kristne i det ein medgjev at ansvaret for splittinga ligg på både sider.

I Verds kyrkjerådet hadde dei høyrte om dei månadlege møta mellom protestantiske prestar og katolske prestar som vart organiserte av Irénée Beaubien heilt frå 1958. Difor valde dei å halda den fjerde verds konferansen for Tru og Kyrkjeordning i Montreal i 1963. Denne samlinga av meir enn 450 teologar frå mange ulike land og kyrkjesamfunn, vart hjarteleg teke imot av ein i hovudsak katolsk folkesetnad. Dette var ein av dei viktige økumeniske hendingane. Eit kveldsmøte for kristent fellesskap på Universitetet i Montreal under konferansen samla 1500 kristne. På Verdsutstillinga i Montreal, EXPO 67, sette dei største kyrkjene i Canada til side praksisen med kvar si bu. I staden slo dei seg saman i ein felles kristen paviljong. I historia til verdsutstillingane var dette første gong at det vart bygt ein økumenisk paviljong.

I tiåra etter Andre Vatikankonsil sto det også fram andre økumeniske grupper: Atlantisk økumenisk råd (1966), Quebec økumeniske nettverk (1982), Præriesenteret for økumenikk (1984) er av dei viktigaste. Præriesenteret for økumenikk, som vart grunnlagt av Bernard de Margerie i Saskatoon, vert finansiert av sju kyrkjesamfunn og arbeider særleg med økumenisk undervising og opplæring ved sida av å vera eit nasjonalt ressurscenter for sameina økumeniske tenester. Rundt om i landet, i bygd og by, er det både prestegrupper og kyrkjeråd som fremjar lokale økumeniske tiltak. Det kan vera sameina markering av Bøneveka for kristen einskap, felles utdanning ved teologiske fakultet, aktivitetar for fred og sosial rettferd, publikasjonar osv. Som ein naturleg del av kyrkjelivet i Canada er det mange "mellomkyrkjelege" familiar som verkeleggjer kallet og velsigninga ved å arbeida for kristen einskap og skaffa leiarskap til den økumeniske tenesta.

Eit høgdepunkt i økumenikken i den seinare tida har det vore at stadig fleire evangeliske kyrkjer og prestar tek del i lokale økumeniske samlingar, i økumenisk dialog og gudsteneste og i felles kyrkjelydsteneste. Etter ein periode med indre tilnærming mellom dei evangeliske kyrkjene, ser vi nå moglegheit for nye samtalepunkt mellom dei store historiske protestantiske kyrkjene, evangelikale og pentekostale, austlege og orientalske ortodokse og romerske katolikkar. Dei evangelikale i Canada tek kontakt med andre lokale kyrkjer for å få i stand dialog, finne høve til å feira gudsteneste saman og for å samarbeida om kristent vitnemål i byane våre. Alle kyrkjene står framfor

ei felles røynsle der dei ikkje lenger har like mykje å seia i samfunnet som tidlegare. For mange av dei historiske kyrkjene fell medlemstala dramatisk.

Ulike synspunkt mellom dei kristne om kor viktig det er å evangelisera blant folk av annan levande tru, eller om ein i det heile skal gjera det, er framleis ein faktor som er til hinder for samarbeid. Likevel har kristent samarbeid om mellomreligiøs dialog vakse i dei seinare åra og skjer ofte i samarbeid mellom fleire kyrkjer.

Er Kristus delt i Canada? Sjølv sagt kan ein seia at det er skilje mellom kristne i Canada. Dei kristne fellesskapa er delt i synet på kvinners rolle i kyrkje og samfunn, og dei skil lag i etiske spørsmål som abort og evtanasi, for ikkje å tala om ekteskap mellom likekjønna. Mange av desse skiljelinene går på tvers av skiljelinene mellom kyrkjesamfunna. Men ein ser og at i møte med nye sosiale tema er det nokre religiøse fellesskap som har tatt til å bry seg om grannane sine på nye og positive vis. For i den kanadiske historia har det vore tider med spenning og motsetnad der ein har vore likesæl og utan interesse for andre menneske. I det heile har vi lært å ta omsyn til andres verdiar for å kunna leva saman i fred. Framleis står vi langt frå kvarandre når det er snakk om lære, politikk og praksis. Men sjølv om vi gjerne vil halda fast ved våre eigne religiøse særmerke, held vi fram med pilegrimsvandringa vår under Guds leiande hand mot kristen einskap.

Den målsettinga som vert uttrykt i denne bønna frå det kanadiske hundreårsjubileet i 1967, er framleis eit bilete på haldningar i det moderne Canada:

Lat oss be for og leva for ei verd der folk av alle nasjonar kan verta sameinte i tankar, ord og handling. Hjelp oss til å vera ærlege, reine og kjærlege i møte med andre i vår verd og i ei kvar verd. Lat oss be for fred og sjølvrealisering for kvart menneske i dette landet og i alle land. Hjelp oss å leva slik at svolt og armod, likesæle og sjukdom kan ta slutt og ditt rike koma til oss. Amen.

Bønneveka for kristen einskap Emne 1968-2014

I 1968 byrja ein å nytte materiale som var førebudd i fellesskap av Verdskyrkjerådets komité for tru og kyrkjeordning og Det pavelige råd til fremje av kristen einskap.

- 1968 Til pris og ære for hans herlegdom (Ef 1,14)
- 1969 Kalla til fridom (Gal 5,13) (Førebuingssmøte i Roma, Italia)
- 1970 Vi er Guds medarbeidarar (1 Kor 3,9)
(Førebuingssmøte i klosteret Niederaltaich, DDR)
- 1971 ...og Den Heilage Andens samfunn (2.Kor 13,13)
- 1972 Eit nytt bod gir eg dykk (Joh 13,34)
(Førebuingssmøte i Genève, Sveits)
- 1973 Herre, lær oss å be (Luk 11,1)
Førebuingssmøte i klosteret Montserrat i Spania
- 1974 For at kvar tunge skal sanne: Jesus Kristus er Herre (Fil 2,1-13)
Førebuingssmøte i Genève, Sveits

I april 1974 blei det sendt eit brev til medlemskyrkjene og andre interesserte grupper om å etablere lokale økumeniske grupper til å delta i førebuing av brosjyre for Bønneveka. Ei australsk gruppe var den første som tok opp denne utfordringa og førebudde eit utkast til Bønneveka for 1975

- 1975 Guds mål: Å samanfatte alt i Kristus (Ef 1,3-10)
Materiale førebudd av ei australsk gruppe. Møte i Genève i Sveits
- 1976 Vi skal verte han lik (1 Joh 3,2) eller: Kalla til å bli det vi er.
Materiale førebudd av ein Karibisk kyrkjekonferanse. Møte i Roma, Italia
- 1977 Saman halde ut i håp (Rom 5,1-5)
Materiale førebudd i Libanon, midt under borgarkrigen. Møte i Genève, Sveits.

- 1978 Ikkje lenger framande (Ef 2,13-22)
Materiale førebudd av ei økumenisk gruppe i Manchester, England
- 1979 Ten kvarandre til Guds ære (1 Pet 4,7-11)
Materiale førebudd i Argentina. Møte i Genève, Sveits.
- 1980 La riket ditt kome (Matt 6,10)
Materiale førebudd av ei økumenisk gruppe i Berlin, DDR. Møte i Milano, Italia.
- 1981 Ein Ande - mange gåver - ein lekam (1 Kor 12,3b-13)
Materiale førebudd av Greymoore Fathers, USA. Møte i Genève, Sveits.
- 1982 Må alle finne sin heim i deg, å Herre. (Sal 84)
Materiale førebudd i Kenya. Møte i Milano, Italia.
- 1983 Jesus Kristus - verdas liv (1 Joh 1,1-4)
Materiale førebudd av ei økumenisk gruppe i Irland. Møte i Céligny (Bossey), Sveits.
- 1984 Kalla til å bli eitt ved krossen til vår Herre (1 Kor 2,2 og Kol 1,20)
Førebudsmøte i Venezia, Italia.
- 1985 Frå død til liv med Kristus (Ef 2,4-7)
Materiale førebudd i Jamaica. Møte i Grandchamp, Sveits.
- 1986 De skal være mine vitne (Apg 1,6-8)
Materiale førebudd i Jugoslavia (Slovenia). Møte i Jugoslavia.
- 1987 Sameina i Kristus - ei ny skapning (2 Kor 5,17-6,4a)
Materiale førebudd i England. Møte i Taizé, Frankrike.
- 1988 Guds kjærleik driver frykta ut (1 Joh 4,18)
Materiale førebudd i Italia. Møte i Pinerolo, Italia.
- 1989 Bygge fellesskap: ein lekam i Kristus (Rom 12,5-6a)
Materiale frå Canada. Førebudsmøte Whaley Bridge, England.
- 1990 At de alle må være eitt ... så verda kan tru (Joh 17)
Materiale frå Spania. Førebudsmøte i Madrid, Spania.

- 1991 Lovsyng Herren, alle folkeslag! (Salme 117 og Rom 15,5-13)
Materiale frå Tyskland. Førebuingssmøte i Rotenburg/Fulda, Vest-Tyskland.
- 1992 Eg er med dykk alle dagar ... Gå difor ut (Matt 28,16-20)
Materiale frå Belgia. Førebuingssmøte i Brügge, Belgia.
- 1993 Bære Andens frukt til beste for kristen einskap (Gal 5,22-23)
Materiale frå Zaire. Førebuingssmøte nær Zürich, Sveits.
- 1994 Guds husfolk: kalla til å være eitt i hjarte og sinn (Apg 4,23-37)
Materiale frå Irland. Førebuingssmøte i Dublin, Irland.
- 1995 Koinonia: Fellesskap med Gud og med kvarandre (Joh 15,1-17)
Førebuingssmøte i Bristol, England.
- 1996 Se, eg står ved døra og bankar (Op 3,14-22)
Førebuingssmøte i Lisboa, Portugal.
- 1997 Vi bed i staden for Kristus, lat dykk forsone med Gud. (2 Kor 5,20)
Førebuingssmøte i Stockholm, Sverige.
- 1998 Anden kjem oss til hjelp i vår vanmakt (Rom 8,14-27)
Førebuingssmøte halde i Paris, Frankrike.
- 1999 Han skal bo hjå dei som deira Gud, og dei skal vera hans folk (Op 21,1-7)
Materiale frå Malaysia. Førebuingssmøte halde i Bose-klosteret i Italia.
- 2000 Lovet være Gud, han som har velsignet oss i Kristus (Ef 1,3-14)
Materiale førebudd av Kyrkjerådet for Midt-Austen. Møte i La Verna, Italia.
- 2001 Eg er vegen, sanninga og livet (Joh 14,1-6)
Materiale førebudd i Romania, møte halde i Vulcan, Romania.
- 2002 For du er livets kjelde (Sal 36,5-6)
Materiale førebudd av Konferansen for Evangeliske kyrkjer i Europa (CEEC) og Konferansen av Kyrkjer i Europa (CEC). Møte holde nær Augsburg, Tyskland.

- 2003 Vi har denne skatten i leirkar (2 Kor 4,4-18)
Materiale frå kyrkjer i Argentina. Møte i Los Rubios, Spania.
- 2004 Min fred gir eg dykk (Joh 14,23-31; Joh 14,27)
Materiale førebudd av kyrkjer i Aleppo, Syria. Møte i Palermo, Sicilia.
- 2005 Jesus Kristus, kyrkas einaste grunnvoll (1 Kor 3,1-23)
Materiale førebudd av kyrkjer i Slovakia, møte i Piestany, Slovakia
- 2006 Der to eller tre er samla i mitt namn, der er eg midt iblant dei.(Matt 18,18-20)
Materiale førebudd i Irland. Møte halde i Prosperous, Kildare i Irland
- 2007 Han får døve til å høyra og stumme til å tala. (Mark 7,31-37)
Materiale førebudd i Sør-Afrika. Møte halde i Faverges i Frankrike
- 2008 Be uavlateleg! (1 Tess 5,(12a) 13b-18)
Materialet er førebudd i USA. Møte halde i Graymoor, Garrison, USA
- 2009 Så dei vert til eitt i handa di (Esek 37,15-28)
Materialet er førebudd i Korea. Møte halde i Marseilles, Frankrike
- 2010 De er vitne om dette (Luk 24,48)
Materiale er førebudd i Skotland. Møte halde i Glasgow, Skotland.
- 2011 Dei heldt seg trufast til læra frå apostlane, til fellesskapet, brødsbrytinga og bønene. (Apg 2,42) Materiale er førebudd i av ei gruppe kristne leiarar i Jerusalem. Møte i Saydnaya, Syria
- 2012 Vi skal alle bli omskapte ved vår Herre Jesu Kristi siger. (1 Kor 15,51-58)
Materiale er førebudd i Polen. Møte halde i Warsawa, Polen
- 2013 Kva krev Gud av oss? (Mika 6,6-8)
Materiale er førebudd av Den kristne studentrørsla i India. Møte halde i Bangalore, India.
- 2014 Er Kristus delt? (1 Kor 1,1-17)
Materiale er førebudd i Canada. Møte halde i Montréal, Canada

Nokre nøkkelhendingar i historia til Bøneveka Noen nøkkelbegivenheter i Bønneukens historie

Ca 1740 I Skottland var det på denne tida ei Pinsersørsle med band til USA. Bodskapan til vekkingssørsla omfatta bønner for og med alle kyrkjesamfunn.

1820 Presten James Haldane Stewart gir ut “Hints for the General Union of Christians for the Outpouring of the Spirit”

1840 Presten Ignatius Spencer, konvertitt til den Romersk katolske kyrkja, foreslår “Felles bøn for einskap”

1867 Den første Lambeth-konferansa for anglikanske prester held fram bøn for einskap i innleiinga til resolusjonane.

1894 Pave Leo XIII oppmuntrar til å holde ein bønneoktav (8 dagar) for kristen einskap i samanheng med pinse.

1908 Presten Paul Wattson byrjar å holde ein bønneoktav for kristen einskap.

1926 Faith and Order rørsle tar til å gi ut “Forslag til ein bønneoktav for kristen einskap.

1935 Abbed Paul Couturier frå Frankrike gjør seg til talsmann for “Ei verdsomfattande bøneveke for kristen einskap” på inkluderande basis med bøn for “den einskap som Kristus vil ha med de middel som han vil nytte”.

1958 Unité Chretienne (Lyon i Frankrike) og kommisjonen for Faith and Order i Verdskyrkjerådet tak til å samarbeide om førebuing av materiale til Bøneveka.

1964 I Jerusalem bad pave Paul VI saman med patriark Athenagoras Jesu bøn “at dei alle må være eitt” (Joh 17).

1964 Dekretet om Økumenikk frå det 2. Vatikankonsilet strekar under at bøn er sjela i den økumeniske rørsla, og oppmuntrar til å halde Bøneveka for kristen einskap.

1966 Kommisjonen for Faith and Order i Verdskyrkjerådet og Sekretariatet til fremme av kristen einskap (nå kjent som Det pavelige råd til fremme av kristen einskap) startar offisielt med felles førebuing av materiale til Bøneveka.

1968 Første gang materiale førebudd i fellesskap av Faith and Order og Sekretariatet til fremme av kristen einskap blir offisielt nytta til Bøneveka.

1975 Første gang materiale som byggjer på utkast frå ei lokal økumenisk gruppe, vert nytta i Bøneveka

1994 Teksta for 1996 blei førebudd i samarbeid med KFUK og KFUM

2004 Semje oppnådd om at materialet for Bøneveka i framtida skal publiserast i fellesskap og produserast i same format av Faith and Order (VK) og Sekretariatet til fremme av kristen einskap (Den Katolske kyrkje).

2008 Minne om 100 år med Bøneveka for kristen einskap. (Forløparen, Oktaven for kyrkjeeinskap, vart halden fyrste gongen i 1908)

